



ÅRSMELDING
BERGEN
TINGRETT
2017

Bergen tingrett og Nordhordland tingrett gjekk frå 1.1.2017 saman til ein ny domstol, Bergen tingrett.

Då fekk meir enn 450 000 innbyggjarar frå Austevoll i sør til Gulen i nord ein felles domstol.

KOMMUNAR:

- Gulen
- Fedje
- Fjell
- Austrheim
- Masfjorden
- Modalen
- Lindås
- Radøy
- Meland
- Askøy
- Øygarden
- Sund
- Osterøy
- Vaksdal
- Voss
- Austevoll
- Os
- Fusa
- Samnanger
- Bergen



IDÉ- VERDIGRUNNLAGET TIL DOMSTOLANE

Domstolane skal vere uavhengige. Dei skal sikre og fremje rettstryggleiken og verne om rettssamfunnet. Domstolane skal ha høg tillit i samfunnet.

og styre i administrative spørsmål, er DA også eit serviceorgan for domstolane. DA kan ikkje instruere eller påverke domstolane i den dømmande verksemda.

Domssoknet til Bergen tingrett omfattar 20 kommunar: Gulen, Fedje, Fjell, Austrheim, Masfjorden, Modalen, Lindås, Radøy, Meland, Askøy, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Voss, Austevoll, Os, Fusa, Samnanger og Bergen, med til saman over 450 000 innbyggjarar.

DOMSTOLANE I NORGE

Statsmakta er delt opp i ei lovgjevande (Stortinget), ei utøvande (Regjeringa) og ei dømmande makt (domstolane).

Høgsterett er den øvste domstolen i Noreg, og held til i Oslo. Lagmannsrettane handsamar anker over avgjerder frå tingretten. Landet er delt inn i seks lagdøme, og Bergen tingrett soknar til Gulatings lagmannsrett. Tingrettane blir kalla domstolar i første instans, og det er i dag 63 tingrettar og eitt byfogdebete (Oslo) i Noreg. Bergen tingrett er nest størst av alle tingrettane, og den største fullfaglege domstolen i landet.

Domstoladministrasjonen (DA) held til i Trondheim og er den sentrale administrasjonen av domstolane. I tillegg til å samordne

OPPGÅVENE TIL DOMSTOLANE

Domstolane har rett og plikt til å avgjere konkrete rettstvistar som kjem inn til retten. Domstolane tek ikkje opp saker på eige initiativ. Berre i særskilde tilfelle har retten høve til å avvise ei sak.

Tingretten handsamar straffesaker, sivile tvistar, skjønn, offentleg skifte (dødsbu, fellesjeige og konkurs) og tvangsføring. I tillegg registerer tingrettane dødsfall og skriv ut skifteattestar og notarialforretningar. Fram til og med 31. desember hadde tingrettane også borgarlege vigslar.

Arne Langeland
konstituert sorenskriver



NYE TIDER FOR NY DOMSTOL

Nordhordland tingrett og Bergen tingrett vart slegne saman til éin ny tingrett 1. januar 2017. Den nye tingretten fekk namnet Bergen tingrett. Sjølv om namnet er ei vidareføring av namnet til «gamle» Bergen tingrett, er det viktig at Bergen tingrett i dag er ein ny domstol med tilsette frå dei to domstolane som held til i Bergen tinghus.

Nærast alle tilsette i dei opphavelege tingrettane måtte skifte kontor ved samanslåinga. Flyttesjauen vart gjort unna i løpet av ei helg i byrjinga av april. Dermed skulle ein venne seg til nye omgjevnader og nye kollegaer. Mange – og særleg var desse å finne mellom saksbehandlarane – måtte også lære seg nye saksfelt

I tillegg hadde dei to tingrettane hatt noko ulike måtar å utføre arbeidsoppgåvane på. Det låg dermed føre oss eit omfattande arbeid med å skape nye, felles rutinar.


Dette var ei krevjande tid. Det er ikkje til å leggje skjul på at me kunne vere usamde om ymse saker – noko som er rekna som normalt ved så store omstillingar.

I august vart sorenskrivar Arne Henriksen brått sjuk. I tingretten var me sjokkerte og uroa. Det går heldigvis etter måten bra med sorenskrivaren – som er oppteken av at me må halde oppe trykket i samanslåingsprosessen til han er attende.

Etter ein konsolideringsperiode, har me for lengst byrja å rette blikket framåt. Me er godt i gang med å leggje planar for aktiviteten i 2018. Dette vert eit spanande år – og kor ei stadig meir digitalisert sakshandsaming vil ha ein sentral plass i arbeidskvardagen vår. Bergen tingrett er svært oppteken av kva mogelegheiter elektronisk flyt av dokument mellom samarbeidspartane våre og domstolen kan gje – til oss alle.

Bergen tingrett er ei stolt, positiv og engasjert gruppe mennesker som ser attende på året 2017 som eit heilt spesielt år, og som – ikkje minst – gler oss til å ta fatt på dei utfordringane som ligg framom oss i 2018.

Arne Langeland,
konstituert sorenskriver



Digital sakshandsaming

YNSKJER DIGITALISERING OG PAPIRLAUS SAKSHANDSAMING VELKOMEN

Bergen tingrett ynskjer å vere ein del av den digitale utviklinga som skjer i resten av samfunnet. Å sende saksdokument digitalt er både raskare og billigare enn å nytte vanleg post. Det er difor eit viktig tiltak for å gjere sakshandsaminga meir effektiv og redusere kostnadane til både partane og domstolane.

Bergen tingrett ynskjer å vere ein pådrivar for å sikre at me utnyttar dei moglegitene som finns i digital sakshandsaming, og me ynskjer å delta når nye løysingar og arbeidsmåtar skal veljast.

Fleire dommarar og saksbehandlarar frå Bergen tingrett deltek i arbeidsgrupper i det nasjonale prosjektet «Digitale domstolar». Medarbeidarane i tingretten har også hatt opplæring om digitalisering for å auke kompetansen vår på dette området.

NYE DIGITALE VERKTY OG ARBEIDSMÅTAR

I Aktørportalen kan advokatar og domstolar utveksle informasjon og dokument i sivile skjønns- og tvistesaker. Bergen tingrett tok i bruk Aktørportalen 7. februar 2017, og i dag er dette

den måten me helst ynskjer å kommunisere med advokatane på i desse sakene.


Eit samarbeid med Vest politidistrikt og bruk av Altinn har gjort at dei fleste fengslings-sakene våre i dag har digitale saksdokument. Dette er meir effektivt for både tingretten og påtalemakta, og me tek sikte på å ta dette i bruk i alle hovudforhandlingane i straffesaker innan kort tid.

HEILDIGITAL SAKSHANDSAMING INNAN FEM ÅR?

Domstoladministrasjonen har som mål at domstolane skal vere heildigitale innan 2022, men framleis er det mykje som må utviklast og forbetraast: Aktørportalen kan berre nyttast i nokre få sakstypar, og privatpersonar utan advokat kan heller ikkje nytte portalen. Mykje av utstyret i domstolane må bytast ut eller moderniserast. Det trengs nye dataverkty og dataprogram samt mykje opplæring for at sakshandsaminga kan bli heildigital, inkludert gjennomføring av rettsmøte utan papir.

Bergen tingrett har allereie starta ferda fram mot ein ny domstolskvardag.

Du kan lese meir om arbeidet med å digitalisere domstolane her:
<https://www.domstol.no/digital/>



EFFEKTIVISERING MED DIGITAL HOVUDFORHANDLING

Hausten 2017 gjennomførte Bergen tingrett ei omfattande straffesak. Den digitale hovudforhandlinga hadde fleire føremoner.

Saka gjaldt grov utruskap og bedrageri mot Forsvaret. Ein forsyningsoffiser la til rette for kjøp av militært materiell frå eit selskap som far hans eigde. Ein del av kjøpa vart ikkje lyst ut på anbod, og skjedde i strid med regelverket for offentlege innkjøp. Faren nytta pseudonym i kontakten med Forsvaret, og offiseren opplyste ikkje at det var far hans som eigde selskapet. Det økonomiske utbyttet frå kontraktane med Forsvaret vart delt mellom offiseren og faren, noko som heller ikkje blei opplyst til Forsvaret. Offiseren og faren skjulte utbyttet frå kontraktane med Forsvaret, ved å utføre ei rekke kvitvaskhandlinger (sjølvvask). I tillegg omhandla saka fleire skattelovbrot, manglende bokføring og trygdebedrageri.

BETRE OVERSIKT OG PRAKTIKE LØYSINGAR

Hovudforhandlinga varte i nesten to månader hausten 2017. Retten var sett saman av to fagdommarar og tre fagkunnige meddommarar innan revisjon. Rettssalen var utstyrt med dataverktøy for alle aktørane.

Dommarane hadde to skjermar, ein til framsyning av dokumentprov og ein til føring av rettsbok med meir. Dei andre aktørane hadde tilgang på éin skjerm kvar for å følje med på framsyninga av dokumentprov, i tillegg at dei hadde med eigen berbar PC.

Saka hadde ein svært omfattande mengde dokumentprov. Nærare 5000 sider blei presentert digitalt for retten. Dommarane kunne gjere eigne notat direkte i dei elektroniske saksdokumenta, eller dei kunne nytte andre digitale notatverktøy.

Dommarane hadde positive erfaringar med dei verktya som blei nytta. Inntrykket er at dei andre aktørane også var nøgde med denne løysinga: Det letta provføringa og det etterfølgjande arbeidet med dommen. Dommarbordet vart heller ikkje overfylt av papir, og sakavviklinga vart ikkje prega av tidkrevjande leiting etter papirdokument i eit hav av ringpermar.

KORTARE TIDSBRUK OG ENKLARE ABEID MED DOMSSKRIVING

Hovudforhandlinga vart også monaleg kortare enn elles. Den tidlegare offiseren forklarte seg i nær tre veker, faren i om lag to veker. Det vart ført 24 vitne.



Det tok nærmere to månader og fleire dagar med domskonferansar før dommen låg føre i byrjinga av januar 2018. Den tidlegare offiseren vart dømd til fengsel i tre og eit halvt år. Faren vart dømd til fengsel i fire år. Halve straffen vart utsett på vilkår med ei prøvetid på to år. I dommen vart det idømt skadebot til Forsvaret og til Skatt vest med til saman 10,9 millionar kroner, og inndraging av utbytte frå straffbare handlingar med ti millionar kroner.

Dommen er per i dag ikkje rettskraftig.

NYE LEKDOMMARAR FRÅ 2017

Bergen tingrett har om lag 1500 lekdommarar. Lekdommarane, eller meddommarane, gjer ein svært viktig jobb i domstolen. Oppgåva deira er mellom anna

- å sikre rettstryggleik, påverknad og inn-syn frå innbyggjarane i domstolen sine avgjerder
- å medverka til at dei tiltala blir «dømde av likemenn»

NYTTIGE MEDDOMMARSAMLINGAR

Kommunane gjer utval av lekdommarar til tingrettane kvart fjerde år.

I 2017 var det nytt utval og Bergen tingrett, i samarbeid med Gulatings lagmannsrett, hadde for første gong informasjonsmøte for lekdommarane. På desse møta gjorde sorenskrivaren i Bergen tingrett og førstelagmannen i Gulatings lagmannsrett greie for kva det vil seie å vera meddommar, gangen i ei straffesak, og dei gav praktiske råd. Fem samlingar blei haldne i januar 2017 og tilbakemeldingane var svært gode.

Erfaringane synte at samlingane hadde stor nytteverdi både for meddommarane og domstolane. Bergen tingrett ynskjer difor å halde fram med slike samlingar ved nyval av meddommarar.

FILMLANSERING

I 2017 blei det også lansert ein ny film for meddommarar. To representantar frå Bergen tingrett var delaktige i arbeidet med den nye filmen. Resultatet kan du sjå her:

<http://www.domstol.no/no/meddommere/>

Det finns også ei nyttig side for meddommarar på Facebook:

<https://www.facebook.com/lekommer/>



Vitnestøtte og
koordinator
Helge Robbestad

VITNESTØTTE OG KOORDINATOR HELGE ROBBESTAD

I Bergen tingrett har me hatt vitnestøtte-ordning saman med Raudekrossen sidan 1. april 2008. Vitnestøttene er friviljuge som møter vitne ute i domstolen og gjev blant anna rettleiing om kva som skal skje inne i rettssalen. Domstolane sitt motto er: «Eit trygt vitne er eit godt vitne»

LYTTAR OG INFORMERER

Helge Robbestad har vore vitnestøtte i sju år og er koordinator mellom vitnestøttene og Raudekrossen. Me spør han korleis det er for vitne å møte i domstolen. Han peikar på at vitna ofte er urolege og nervøse. Dei gjev uttrykk for at dei kanskje ikkje hugsar kva dei sa i politiforklaringa, og dei lurar på kva som eigentleg skal skje inne i rettssalen.

Helge fortel at då er det godt å kunne gje støtte og rettleiing slik at vitna blir noko tryggare når dei går inn i rettssalen. Han seier at det viktigaste er å være eit medmenneske, sette seg ned og lytte til spørsmåla og bekymringane deira. Mange har sett på amerikanske krimseriar, og det er slett ikkje slik!

Han fortel vidare at det er givande å være vitnestøtte: «Vitna er takknemlege for den støtta dei får. Å vere vitnetøtte er ei verdifull oppgåve», meiner han.

ORDNINGA VANN EUROPEISK PRIS

Vitnestøtteordninga i domstolane i Noreg fekk prisen *Crystal Scales of Justice Award* frå Europarådet i 2017. Målet med prisen er å fremje nyskapande og god praksis som medverkar til auka kvalitet og effektivitet i rettssystemet, med særleg vekt på god effekt for brukarane.



Elin Huus og Lars Leegaard Marøy gifta seg i Bergen tinghus 20.11.2017.
(Illustrasjonsbilete)

SISTE VIGSEL I BERGEN TINGRETT

Sidan Bergen tinghus stod klart i 1933, har det spesialbygde vigselsrommet vore i bruk til borgarlege vigslar. Utallege par har blitt vigde etter å ha lova kvarandre kjærleik og truskap i påsyn av vigslar og vitne, men 31. desember 2017 var det slutt.

Då det blei bestemt at kommunane skulle overta ansvaret for borgarleg vigsel frå 1.januar 2018, inviterte Bergen tingrett alle dei 20 kommunane i rettskrinsen til eit informasjonsmøte.

KOMPETANSEDELING OG ROLLESPER

Alt frå ordførarar, rådmenn og kommune-advokatar til kommunalt tilsette møtte opp. I tillegg til informasjon om rutinar og praksis i Bergen tingrett, fekk dei ymse tips og råd om mogelege problemstillingar og utfordringar.

Opplæringa blei avslutta med rollespel i vigselsrommet, der ordførarane i to nabokommunar lova kvarandre truskap og blei «vigde» i påsyn av vitne, til munter stemning for resten av forsamlinga.

Tilbakemeldingane i etterkant var gode, og fleire gav uttrykk for at møtet hadde vore både hyggeleg, informativt og nyttig. Det gav også kommunane høve til å knytte kontakt med kvarandre for mogeleg samarbeid og erfaringsutveksling.

I SISTE LITEN


I tillegg til dommarar og dommarfullmektigar, gjorde fleire administrativt tilsette i Bergen tingrett teneste som vigslar.

Å være vigslar har vore ei hyggeleg arbeidsoppgåve utført med stor glede og høgtid, og mange syns det er leitt å miste denne oppgåva.

To av vigslarane i Bergen tingrett nyttet difor høvet den aller siste dagen med borgarleg vigsel i tingretten til å inngå ekteskap med sine kjære – og kunne samstundes vie kvarandre.

Dei siste vigslane i Bergen tingrett nyttårsaftan 2017 fekk dermed eit spesielt hyggeleg og personleg innhald.

ORGANISASJONSPLAN BERGEN TINGRETT



Fungerande direktør
Anette Johansen

ORGANISERINGA AV BERGEN TINGRETT

Budsjettetramma til domstolen i 2017 inneholder midler til 99 stillinger. Av desse er 30 utnemnde tingrettsdommarar og 12 dommarfullmektigar. Øvrige medarbeidrarar er administrativt tilsette, saksbehandlarar, IKT-medarbeidrarar og sikkerheitsmedarbeidrarar.

Tingretten er organisert i fire dommaravdelingar, ei saksbehandlaravdeling med fem ulike seksjonar, ei administrasjonsavdeling og ei avdeling for sikkerhet og drift. Det er tett samarbeid mellom dommaravdeling og «tilhøyrande» seksjon. To og to avdelingar og seksjonar har tilsvarende fagområde. Avdelingane og seksjonane 1 og 2 arbeider med sivile saker, straffesaker, dødsfall, skifte og gjeldssaker. Avdelingane og seksjonane 3 og 4 arbeider med sivile saker, straffesaker, tvangssal og konkurs.

Seksjonen for service og beraming arbeider med tillysing av alle straffesaker og gjennomføring av einedommarsaker. I tillegg handterer seksjonen sentralbord, ekspedisjon og notarialstadfestingar.

BERGEN TINGHUS SKAL REHABILITERAST

Endeleg kom meldinga me hadde venta på. I 2017 fatta regjeringa vedtak om at Bergen tinghus skal rehabiliterast.

Løysinga som er vald inneber at tinghuset blir nytta til publikumsretta funksjonar, til dømes alle rettslokale, medan nabobygningen vert kontorlokale for dei tilsette. Dette vil gje oss stor fleksibilitet til å møte ulike utfordringar neste 40-50 år. Vedtaket om rehabilitering avslutta også diskusjonen om ein skulle velje rehabilitering av Bergen tinghus eller om me skulle få eit nytt tinghus i nærlieken av eit nytt politihus. Ei stund ønskte me eit heilt nytt tinghus, men etter at Riksantikvaren opna for betre løysingar med rehabilitering, meiner me at det er det beste alternativet: Å ta vare på det gamle tinghuset med framleis tinghusdrift.

*Politikarane
Peter Christian
Frølich (H) og Silje
Hjemdal (Frp) møter
tidlegare direktør
Åge Johansen (t.v.)
og sorenskrivar
Håkon Rastum for
å informere om
regjeringsvedtaket
om rehabilitering
av tinghuset.
Foto: Randi Holmås*



NYE LØYSINGAR I GAMALT HUS

Dette inneber mange spanande løysingar, som ny inngang framom tinghuset, vrimelareal i sjette etasje med store rettssalar, ei ny brei bru mellom bygningane og fleire heisar som vil gje oss betre kommunikasjon i tinghuset. Samstundes vert Bergen tinghus verna som rettsbygning.

Men me må ikkje gløyme at dei viktigaste grunnane for at me treng rehabilitering av tinghuset er å oppfylle krava i arbeids-miljølova knytt til tilfredsstillande inneklima, betre tryggleik for tilsette og publikum, samt behovet for formålstenelege rettssalar og kontorlokale.

VEGEN VIDARE

I tråd med regjeringsvedtaket, løyva Stortinget seks millionar kroner til å starte eit forprosjekt i 2018. Forprosjektet vil bli gjennomført i 2018 og 2019 og er eit prosjekt saman med jord-skifteretten som er lokalisert i Bergen. Me ventar at eit slikt prosjekt vil krevje at tilsette i Bergen tingrett bruker mykje tid på dette arbeidet desse åra. Me kan nytte mange planar som er laga tidlegare, men me ser at det må treffast mange nye val for å gjøre Bergen tinghus til eit moderne rettsbygg.

Me skal gjennom fleire fasar før rehabiliteringa faktisk er gjennomført. Det er snart gått 20


år sidan Justisdepartementet første gang slo fast at Gulating lagmannsrett skulle få nytt bygg og Bergen tinghus skulle rehabiliterast. Håpet vårt er at «nye» Bergen tinghus er ferdig i god tid før det er gått ti år til.

BERGEN TINGHUS OG FASADEN

Bergen tingrett blei innvigd i 1933. Det tok fire og eit halvt år å bygge huset som hadde ein samla kostnad på 2,3 millionar kroner. Bygget er teikna av arkitekt Egil Reimers. Han teikna også inventaret til tinghuset. Mykje av dette inventaret har gått tapt, men framleis er det åtte rettssalar som er innreia av Reimers. Ein del kontormøblar og sittebenkar i hallen og nokre av korridorane finns også framleis.

Då tinghuset blei opna, blei stilten skildra som inspirert av «italiens renaissance». Hovudinngangen med søylene og dei store bogevindauga blei sagt å ha ein «noget gotiserende karakter».

Opphaveleg husa bygget fleire statlege samfunnsinstitusjonar. I løpet av åra har dei fleste flytta ut grunna plassmangel. Etter at Gulating lagmannsrett flytta ut i august 2011, er det no berre Bergen tingrett som er att i bygget.



BERGEN TINGRETT – EIT KRAFTSENTER BLANT DOMSTOLAR

I Bergen tingrett er me heile tida opptekne av å arbeide for å fremje kjerneverksemda vår: Å skape riktige og forståelege avgjelder innan rimeleg tid – og etter ein open og tillitsskapande prosess. For å få dette til, må me mellom anna ha medarbeidrarar som er genuint opptekne av alle sider av arbeidsprosessane i domstolen. Slike medarbeidrarar har me – og me får stadig fleire av dei.

Me har ei rekke medarbeidrarar som har stor kompetanse i bruk av Aktørportalen, og me er godt representert i prosjektet Digitale domstolar – sjå eiga sak om dette tidlegare i årsmeldinga. Den kunnskapen og forståinga me har opparbeida på desse områda, deler me gjerne med andre.

Gjennom sivilt råd samarbeider tingretten med Gulating lagmannsrett, Advokatforeininga og Universitetet i Bergen om eit årleg twistelovseminar. Seminaret har som mål å vere eit forum for å fremje samarbeid, dialog og utvikling av rettsvesenet på tvers

av dei ulike aktørane, med utgangs-punkt i forskingsbasert kunnskap og vitskap. Også dette samarbeidet gjev oss innsikt og ny kunnskap.


Tilsette ved tingretten er òg å finne på andre arenaer utanfor Bergen tinghus, til dømes i Dommarforeininga, i stiftingar og ideelle organisasjonar, ulike nemnder, til dømes Pasientskadenemnda og Voldsoffererstatningsnemnda, i kontrollkommisjon for psykisk helsevern og som sensorar ved universitet og høgskular.

Denne samhandlinga med andre delar av samfunnet er viktig når me som domstol skal gjere hovudoppgåva vår: Løyse rettslege tvistar.


Me har som mål at arbeidet vårt med å auke alle typar kompetanse, også skal gjere oss til eit kraftsenter blant domstolane i Noreg. Dette inneber at når nokon søker kompetanse av ymse slag, har me som ambisjon at dei skal vende seg mot Bergen tingrett for å sjå om dei kan finne det dei søker hjå oss. Kontinuerleg arbeid med kompetanseutvikling på ei rekke område vil på sikt gjere sitt til at Bergen tingrett kan bli ein føregangsdomstol.

STRAFFESAKER


EINEDOMMARSAKER – ALLE



EINEDOMMARSAKER – FENGSLINGAR




MEDDOMSRETTSSAKER




SIVILE TVISTAR


TVISTESAKER – ALLE




TVISTESAKER – ALMENNPROSESS




TVISTESAKER – SMÅKRAVSPROSSESS




SKJØNN




RETTSMEKLING




KONKURS




TVANGSFULLFØRING




GJELDSORDNING



OFFENTLEG SKIFTE AV FELLESBU



OFFENTLEG SKIFTE AV DØDSBU





SØYLENE

Dei tre meter høge mannsfigurane ved trappene opp til hovudinngangen blei laga av bilethoggarane Stinius Frederiksen og Nic. Schiøll. Figurane symboliserer dei fire kardinaldydane:

- Klokskap – med slange og bok
- Rettferd – med sverd og vekt
- Måtehold – med krukke og drikkekar
- Kraft – med broten søyle

Fire griffar tronar over søylene og symboliserer at vonde makter skal jagast vekk frå rettsbygningen.

BERGEN TINGRETT

Tinghuset, Tårnpllass 2
Postboks 7412, 5020 Bergen
Servicesenter: Tlf. 55 69 97 00
bergen.tingrett@domstol.no